

dok 174

Høyringsuttaling til innstillinga : "Styrka demokrati i Den norske kyrkja".

Kommentarar til arbeidsgruppa sitt forslag.

Kap.5..Valordningar

Valordningen ved soknerådval:

Forslaget om å leggja soknerådsvalet til same dag som stortingsvalet ,er positivt og vil sikkert få fleire til å stemma.Men det kan vere praktisk vanskeleg.

Det vert fleire vallokaler i forhold til når vi hadde det i kyrkja.Vi treng fleire vakter og fleire valurner.

Ved forhåndstemminga treng vi også folk.Det kan skapa utfordringar i eit sokn som ikkje har så mange å ta av.

- At det vert sendt ut valkort,er eit godt forslag.

Då vert folk minna på at det også er eit kyrkjeleg val.Ellers kan det lett koma i bakgrunnen i forhold til dei politiske vala.

- Positivt at ungdommen får stemma frå dei er 15 år.Det kan motivere dei til å delta meir i kyrkjelyden og dei kan føla at dei vert teke meir på alvor og har eit ord med i laget.
- Kompensasjon for tapt arbeidsforteneste,frikjøp og møtegodtgjersle må styrkjast for å gjere verva meir attraktive og kombinere dei med anna yrkesaktivitet.
- Opplæring og informasjon om dei ulike verv må styrkjast,slik at vi veit meir kva vi går til.Det er som oftast vanskelig å få folk til å stå på val og som oftast er det meir arbeid enn vi får opplyst.Det er og ynskjeleg med meir oppfølging undervegs i valperioden.
- Det er fornuftig med fleire leke medlemmer i Kyrkjemøtet.
- Auka bruk av direkte val.:

Dette kan vere vanskeleg i ein liten kyrkjelyd.Det vert for mykje å forhalda seg til,hvis det skal vere val på medlemmer til Kyrkjemøtet også på same dagen.

Dette må i så fall overlatast til soknerådet som folk har gjeve sine stemmer til og har tillitt til.

- Vi er enig at prosten må veljast av bispedømmerådet og biskopen av dei kyrkjelege organ.
- Kap.8: Evaluering og forskning:

Enig med arbeidsgruppa i at valordningane må evaluerast.Det må også gjennomførast erfaring- og motivasjonsundersøkjingar blant soknerådsmedlemmane i kvar valperiode.

- Kap.9:Forslag til endringar i regelverket.

Dette er vi enig i.

- Kap 10 Økonomiske og administrative konsekvensar:

Vi ser at denne reformen har store økonomiske konsekvensar,som alle andre store reformar.Dette må vurderast nøye,men vi set vår lit til at arbeidsgruppa har kompetanse og dei rette innstillingar til at dette må setjast i gang og innførast for å få eit styrka demokrati i kyrkja.

Herdla 28 august 2008.

Herdla sokneråd v/leiar
Reidun Håpoldøy.

200800738		1.9.08
Kode	ki-501	Beh.....